

Referat frå FAU-møte 16. januar 2024

Tilstades:

Karina Aase (1K), Veslemøy Solheim (2E), Anders Nyland (2K), Vivian Midtbø (3E), Henrik Arvidsson (3K), Hanne-Lisbeth Eide (4K), Kjerstin Sundby (4K), Anette Undheim (4K), Renate Morild (5. trinn), Nick Toynbee (6. trinn), Terje Helle (6. trinn), Pål Øyvind Bakken (7. trinn), Anita Nordseth (7. trinn).

Frå ledelsen: Anne Gry Midsund (SFO-leder), Øyvind Hafell (avdelingsleder 1-2 trinn), Kenneth Balsnes (avdelingsleder 3.-4. trinn), Anders Bøhn (avdelingsleder 5.-7. trinn).

Del 1 med ledelsen:

Ledelsen orienterer:

Bibliotek: Skulen har fått midlar til å kjøpe inn nynorskbøker til skulebiblioteket (kr 30 000).

Lindys- nytt lese- og skrivekurs: Storsatsing på lesing og skriving i Bergensskulen, får opplæring denne veka, Lindys+ for barn med dysleksi – her skal og foreldra få opplæring.

Trivselslekane - Aktivitetsplan for å inkludere borna i leik. Trivselslederne skal bytast ut etter vinterferien og ei ny elevgruppe skal på trivselslederkurs i februar: elevar frå 4 klasse på Eventyrskogen og frå 4-7 på Krohnengen.

Det er eit aktivt elevråd ved skulen:

- I gang med å lage eiga skuleavis
- Har jobba med prosessen rundt forbetingar av ballbingen på Graven
- Lysfesten: elevrådet aktivt med i planlegginga av dette, særleg 7. trinn gjorde ein veldig god jobb og tok ansvar under arrangementet

Formøte for kvalitetsundersøkelsen: Rektor og representant frå FAU ved Krohnengen deltok på FAU-samling i regi av Etat for skule onsdag 10. januar. I forbindelse med dette har FAU har fått eit oppdrag frå ledelsen som vi skal jobbe vidare med. Oppdraget er henta ut frå tiltaksplan som vart utarbeida etter kvalitetsoppfølgingsmøtet i 2023:

- ØNSKET TILSTAND FOR SKOLEN: Økt foreldredeeltakelse i FAU- arbeid og undersøkelser ved å bruke temabaserte møter.
- OPPDRAG TIL FAU: Hvordan kan foreldremøter være for å bli aktuelle og interessante for alle foreldre? Hvordan kan skolen bidra til økt foreldredeeltakelse generelt?

Kvalitetsoppfølgingsmøter:

- Resultatoppfølgingsmøte 20. mars m/skulens ledelse, representant får Etat for skule og PPT
- Kvalitetsoppfølgingsmøtet 4. april m/ repr. Frå elevrådsstyret, FAU, representantar frå personalet og ledelsen på skulen, PPT og skulehelsetenesta

Foreldreundersøkinga i haust endte opp med ein svarprosent på 59 % mot 27 % i fjor.

- Skulen skal sjå på resultata i veke 4
- Tilbakemelding frå FAU: nokon har problem med å logge inn på undersøkinga, forbetringar i systemet rundt undersøkinga kunne kanskje bidratt til større svarprosent.

Tiltaksplan:

- Skulen sine fokusområder: mestring, motivasjon og medvirkning
- Arbeidsmetoder for å fremme desse: Samarbeidslæring, problemløysingsoppgåver, dybdelæring, profesjonelle læringsfellesskap

Spørsmål og innspill til punktene fra FAU

- Foreldremøter: kan desse datoane settast litt tidlegare, det kan vere vanskeleg for ein del av foreldre å få kabalen til å gå opp, då er det viktig at desse datoane vert sett tidleg.

Fast punkt: Læringsmiljø og eventuelle utfordringar, er det ting vi foreldre bør vite om per i dag?

Ledelsen har fått tilbakemeldingar på at desember månad dette skuleåret har vore rolegare enn vanleg (desember kan ofte vere ein litt utsatt månad med ekstra uro grunna endring i rutiner etc)

- Team skyfritt er framleis inne og veileder
- Går jevnleg gjennom lista for tiltak for å evaluere utvikling
- Går og igjennom lista med tiltak i lag med PPT jevnleg for å evaluere pågåande tiltak
- Har fokus på å sette inn korrigerande tiltak i tidleg fase for å unngå eskalering av dårleg eller utrygt klassemiljø, foreldregruppa i klassar dette gjelder vil få informasjon
- Ulweus-undersøkinga vil pågå i mars-mai

Del 2, utan ledelsen:

Evaluering vintermarked/bruktmarked:

- Arrangerte tidlegare i år enn i fjor, ganske godt oppmøte, konseptet fungerer fint.

Evaluering julemarked:

- Fiskedammen svært populær, er det mulig å ha ein stasjon til?
- Inntekt: 48 800, når utgiftene er trekt frå blei det 39 000 kr til Afghanistankomiteen

Eventuelt:

FAU ynskjer å bli orientert dersom rektor ikkje har mulighet til å stille på FAU-møter.

Eventuell blanding av trinna når elevane går frå 4. til 5. trinn skal vere ein prosess kvart år, for å vurdere kva som er best for kvart trinn. Desse prosessane bør skje i god tid før skuleslutt til somaren, slik at elevane får forberede seg. FAU bør få vere involvert i desse prosessane. Korleis unngå at klassen frå Eventyrskogen blir ein «satellitt-klasse» dersom trinna ikkje blir blanda? På agendaen til neste møte.

Det har kome nokre tilbakemeldingar frå foreldre som saknar valget om at barna får delta på julegudsteneste i desember. Bør evaluerast igjen til hausten om tradisjonen med julegudsteneste bør takast opp igjen?

På agendaen til neste møte:

- Blanding eller ikkje blanding av 5 trinn til neste år
- Overgang til ungdomsskulen, kva rutiner har vi her- kan vi få presentert kva som er prosessen her?
- 17. mai-arrangement
- 17. mai fane
- Status oppgradering Eventyrskogen-bygget?
- Fokus på praktisk estetiske fag (kunst og håndverk), fokus på musikk? Kva har skulen tilgjengeleg av utstyr til ressursar til musikk og kunst og håndverk? Har vi eigen musikklærar ved skulen?
- Midler/tilskudd vi kan søke om for aktivitetar/kulturtilbud i SFO-tida
- Korleis jobber vi vidare med oppgåva frå skulen ifht foreldredeltaking i FAU-arbeid og ved foreldremøter?